Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 12.11.2018
Vår ref: 18/00789-5
Deres ref:

# Høyring av søknad om driftskonsesjon for Brynsmoen næringsområde i Nord-Fron kommune. Tiltakshaver: Brødrene Haugen Maskin og Grus AS.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått inn søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43, datert 2. mars 2018.

Med dette sender vi søknaden om driftskonsesjon på høyring i samsvar med forvaltingslova § 17. Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høyringa.

**Høyringsfrist: 10. desember 2018.**

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på dirmin.no under «Saker til høring».

**Samandrag av søknaden**
Brødrene Haugen Maskin og Grus AS søker om driftskonsesjon for Brynsmoen næringsområde i Nord-Fron kommune. Tiltakshavar oppgir at omsøkt område er ca. 137 daa. Ifølgje tiltakshavaren er totalvolumet innafor uttaksområdet 1 570 000 $m^3$. Det årlege uttaket vil kunne variere med marknad og etterspørsel, men tiltakshavar antyder et forventa årleg uttak på mellom 50 000 – 70 000 $m^3$. Førekomsten høyrer til mineralkategorien grunneigar sine mineral.

Tiltakshavar beskriv geologien i uttaksområde for å vere breelvavsatt materiale. Førekomsten består av grove massar som er godt egna til veg- og betongformål ved foredling gjennom knusing og sikting. I tillegg viser tiltakshavaren til NGU sin pukkdatabase, der ressursen blir beskrive som svært viktig for heile regionen.

Området er i «detaljreguleringsplan for Brynsmoen næringsområde» med planID 51620150008, vedteken i kommunestyret den 22. februar 2018, regulert til næringsbebyggelse og grønnstruktur.

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

**Forventingar til høyringsfråsegnene**
DMF ber om at offentlege etatar ut frå eige ansvarsområde vurderer om noko tilseier at driftskonsesjon ikkje bør tildelast, eventuelt om det skal stillast vilkår om avbøtande tiltak.
Private partar kan komme med innspel til relevante forhold i den aktuelle saka.
Dersom noko ikkje er tilstrekkeleg belyst i søknaden, ber vi om opplysningar om dette.

Arealbruk er regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltings-myndigheit. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan), legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

Denne søknaden gjeld driftskonsesjon etter minerallova. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving.

Vi ber **kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen** opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og forureining. Dersom kommunen eller fylkesmannen har informasjon om slik påverknad, vil vi gjerne ha ei utgreiing om eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

Søk i Naturbase og Artskart har avdekka fleire registreringar av ulik art innafor og i nærleiken av omsøkt konsesjonsområde. DMF viser i til utklipp av desse funna i høyringsvedlegget. I samband med dette ber DMF om at rette instans vurderer desse registreringane og gir innspel med tanke på omsøkt tiltak og kva for innverknad det vil kunne ha for funna i Naturbase og Artskart. Vi ber også om at rette instans foreslår konkrete tiltak som kan bøte på eventuelle negative konsekvensar uttaket vil kunne ha for registreringane.

Heile eller delar av høyringsuttalane kan bli refererte i vedtaket som seier om konsesjon blir gitt eller ikkje. Søkjaren får høve til å kommentere høyringsuttalar før vi gjer vedtak.

**Kva vurderer DMF i samband med søknaden?**
Formålet med minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvalting og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 $m^3$ og alle uttak av naturstein er konsesjonspliktige.

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkjaren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten.

Vi vurderer òg
- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta

- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

DMF stiller normalt vilkår ved tildeling av driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43. Vilkåra omfattar mellom anna krav til driftsplan og økonomisk trygd for sikring og opprydding etter avslutta drift.

**Høyringsfråsegnene skal sendast til**
E-post: post@dirmin.no eller ordinær post: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Thomas Furunes<br>seniorrådgjevar | Stine Borge Nordskag<br>rådgjevar |

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*
Sakshandsamar: Stine Borge Nordskag

Mottakarar:
Adresseliste

Kopi til:

| | | |
|---|---|---|
| Brødrene Haugen Maskin og Grus AS | Søre Feforvegen 19 | 2640 VINSTRA |

| Navn | Adresse | Adresse2 | Postnr | Poststed |
|---|---|---|---|---|
| BØE SVEIN OLAV | RUSTVEGEN 200 | | 2640 | VINSTRA |
| LILLEBRÅTEN MAGNHILD M S | NØRDRE FEFORVEGEN 183 | | 2640 | VINSTRA |
| EKRE CAMILLA | ELVESUSET 1 B | | 2640 | VINSTRA |
| WANGEN JO VEGARD | HUSKEROVEGEN 2 | | 2640 | VINSTRA |
| WANGEN ANNI M KARENSTUEN | HUSKEROVEGEN 2 | | 2640 | VINSTRA |
| TAGESTAD ARILD | HUSKEROVEGEN 4 | | 2640 | VINSTRA |
| HAUGASTUEN FINN | HUSKEROVEGEN 6 | | 2640 | VINSTRA |
| NYGÅRD KRISTOFFER F | HUSKEROVEGEN 8 | | 2640 | VINSTRA |
| SOMA EIENDOM AS | Lyngvegen 3 | | 2640 | VINSTRA |
| ENGEVOLD ROAR | HUSKEROVEGEN 1 | | 2640 | VINSTRA |
| RUUDSENGEN TERJE | HUSKEROVEGEN 5 | | 2640 | VINSTRA |
| BRYHN HANS | HUSKEROVEGEN 7 | | 2640 | VINSTRA |
| MAURSTAD ODD | RUSTVEGEN 235 | | 2640 | VINSTRA |
| NEVERDAL TORUNN KJELLFRID | LIAVEGEN 3 B | | 2670 | OTTA |
| VINSTRA KRAFTSELSKAP DA | Postboks 4100 | | 2307 | HAMAR |
| KVAMMEN IDA GUNNBJØRG | RUSTVEGEN 237 | | 2640 | VINSTRA |
| VINSTRA BRUK AS | Rustvegen 140 | | 2640 | VINSTRA |
| FAGERVOLD LARS | SKÅBUVEGEN 253 | | 2640 | VINSTRA |
| SØBERG PAAL | RUSTVEGEN 166 | | 2640 | VINSTRA |
| LIK MAGDALENA | ELVESUSET 4 | | 2640 | VINSTRA |
| BRZEZINSKI DANIEL | ELVESUSET 4 | | 2640 | VINSTRA |
| TRON TERJE | MYRVEGEN 8 | | 2670 | OTTA |
| SØBERG SIGURD | BYREVEGEN 43 | | 2640 | VINSTRA |
| BØE HALDIS | RUSTVEGEN 200 | | 2640 | VINSTRA |
| KLYPEN TORUNN M PAULSRUD | HUSKEROVEGEN 9 | | 2640 | VINSTRA |
| NILSEN TORIL | RUSTVEGEN 229 | | 2640 | VINSTRA |
| LUKSAS ZILVINAS | UPPIGARDSVEGEN 9 | | 2647 | SØR-FRON |
| LUKSIENE VIKTORIJA | UPPIGARDSVEGEN 9 | | 2647 | SØR-FRON |
| BETONG ØST AS | Postboks 1223 | | 2206 | KONGSVINGER |
| STORHOLM THOMAS B | ELVESUSET 2 | | 2640 | VINSTRA |
| OVRUM BRØDRENE AS | Byrevegen 10 | | 2640 | VINSTRA |
| HAUGEN BRØDRENE MASKIN OG GRUS AS | RUSTE | | 2640 | VINSTRA |
| BØE ROGER | RUSTMOVEGEN 4 | | 2640 | VINSTRA |
| PEDERSEN JAN TORE | UGLEVEGEN 37 | | 2640 | VINSTRA |
| KONGSLI TRYGVE | RUSTVEGEN 127 | | 2640 | VINSTRA |
| LUNDE SISSEL | NØRDRE FEFORVEGEN 18 | | 2640 | VINSTRA |
| KONGSLI TRYGVE GUNNAR | NØRDRE FEFORVEGEN 20 | | 2640 | VINSTRA |
| BØE BRITT BJØRKLUND | RUSTMOVEGEN 2 | | 2640 | VINSTRA |
| SLETTMOEN ODD STEINAR | PRESTGARDSVEGEN 3 | | 2640 | VINSTRA |
| KORK EIENDOM AS | Lomovegen 2 | | 2640 | VINSTRA |
| SPJOTUM INGUNN TEIGE | HOV | SØRE FEFORVEGEN 49 | 2640 | VINSTRA |
| KONGSLI RANDI MARGRETHE | NØRDRE FEFORVEGEN 10 | | 2640 | VINSTRA |
| HAUGLI TOVE ELISABETH | NØRDRE FEFORVEGEN 12 | | 2640 | VINSTRA |
| KONGSLI ASBJØRN | RUSTVEGEN 121 | | 2640 | VINSTRA |
| BERGE ANDERS | RUSTVEGEN 174 | | 2640 | VINSTRA |
| HERLAND INGER-JOHANNE | RUSTVEGEN 174 | | 2640 | VINSTRA |
| ENGUM HELGA | RUSTVEGEN 231 | | 2640 | VINSTRA |
| SØBERG INVEST VINSTRA AS | Rustvegen 170 | | 2640 | VINSTRA |
| LO AMUND A | RUSTVEGEN 124 | | 2640 | VINSTRA |
| GUDBRANDSDAL ENERGI NETT AS | Strandgata 28 | | 2640 | VINSTRA |
| NORD-FRON KOMMUNE | Nedregata 50 | | 2640 | VINSTRA |
| STATENS VEGVESEN REGION ØST | Postboks 1010 | | 2605 | LILLEHAMMER |
| OPPLAND FYLKESKOMMUNE | Postboks 988 | | 2626 | LILLEHAMMER |
| FYLKESMANNEN I OPPLAND | Postboks 987 | | 2604 | LILLEHAMMER |
| NVE REGION ØST | Postboks 4223 | | 2307 | HAMAR |